

***ÅRSMELDING
FOR
HJØRUNDFJORD
KYRKJELYD***



Kyrkjelyden sitt årsmøte 2016

ÅRSMELDING 2015

HJØRUNDFJORD SOKNERÅD

Avtroppande Hjørundfjord sokneråd var slik samansett:

Medlemer:

Sigve Aklestad –nestleiar
Olav Kjell Rekkedal
Ann- Helen Urkegjerd
Oddhild Haugen Øye
Ivar Svein Mo
Gerd Sofie Langvatn
Espen Aarseth

Vara:

Ingvild Åmbakk
Arve Svoren
Kjell Frøland
Monika Eikrem

ØRSTA KYRKJELEGE FELLESRÅD

Her møtte Ivar Svein Mo og Olav Kjell Rekkedal
Vara: Oddhild Haugen Øye

Påtroppande Hjørundfjord sokneråd er no slik samansett:

Lisbet Vatne Nielsen - leiar
Regine Solberg Aklestad- nestleiar
Kjersti Johnsen Riise- medlem
Ingunn Boye-Olsen- medlem
Siw Bjørdal Lillebø- medlem

Vara:

Rune Asbjørn Mo- 1. vara
Svein Ivar Holen- 2. vara
Margrete Øye Fivelstad- 3. vara
Anne Fride Gulbrandsen- 4. vara
Kari Asbjørg Riise- 5. vara

MØTE

Sokneråda har i 2015 hatt 10 møter, der to av desse var eit felles møte for å overlevere stafettpinnen.
Sokneråda har handsama 42 saker,
Store saker dette året har vore kyrkjevalet, arrangering av fridomsgudsteneste, Johnny Cash og Elvis- messe.

TILSETTE I KYRKJELYDEN

Espen Aarseth sokneprest
Kantorar er Marie Austrheim (permisjon frå september 2015), Margaret Standal Haugland (vikar for Marie Austrheim) og Ray Weber. Dei er tilsette i Ørsta kyrkjelege fellestråd med teneste i Hjørundfjord, Ørsta og Vartdal. Stillingsprosenten for Hjørundfjord er 30%
Kyrkjjetenar er Flingai Foloboi. Dei andre funksjonane er lagde til Ørsta kyrkjekontor.
Kateket Caroline Sefu fungerer no som kateketvikar i alle dei fire sokna i Ørsta.
Dei fire sokna i Ørsta har to halve diakonstillingar. Knut Stave er tilsett i 50% og i den andre stillinga har Betty Ndea Søvik.

KYRKJELEG ÅRSSTATISTIKK 2015

Det var utført 7 dåpshandlingar – av desse er 6 busett i soknet.
4 vigslar vart utført i Hjørundfjord kyrkje.
Det var 16 gravferder i soknet.

Hovudgudsteneste på søn- og helgedagar var 28. Utanom søn- og helgedagar har det vore 3 gudsteneste.
Av desse har det vore 5 familiegudsteneste og 18 gudsteneste med nattverd. Deltakartalet totalt var 3175 på alle gudstenestene. Dette gir eit gjennomsnittleg oppmøte på 102 deltakarar per gudsteneste. På skulegudstenesta før jul var det 119 personar til stades. På Julaftan var det 187 frammøtte. Det var 1 konsert/musikkandakt i regi av kyrkjelyden (Vis synger jula inn), og på denne møtte 164 personar opp. Det var og 1 arrangement i regi av andre (Seminar med Ingvar Wilhelmsen), og her møtte 480 personar opp.

REKNESKAP 2015

(Fullstendig rekneskap for 2015, godkjent frå Søre Sunnmøre Kommunerevisjon, kan de få ved å vende dykk til kyrkjekontoret i april/mai)
Hjørundfjord sokneråd hadde ståande på disposisjonsfond pr. 31.12.2015 kr.107.557,88.
Drifta gav eit mindreforbruk i 2015 på kr. 30.332,21 for soknerådet.

Til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt «Håpets Senter» i Paris kom det i 2015 inn kr.1.139,00.

Fasteaksjonen 2015 der konfirmantane, foreldre og frivillige gjennomførde ein flott innsamlingsaksjon;
Aksjonen vart samkjørt med Ørsta sokn.

Offer oversendt andre organisasjonar (også Kirkens Nødhjelp og Misjonsprosjektet) i 2014 var kr. 37630,00.
Offer til eige arbeid var kr. 56890,00.

KONFIRMANTOPPLÆRINGA

I 2015 var det 11 ungdomar som hadde konfirmasjonsundervisning i Hjørundfjord, og 1 ekstra konfirmant frå Ørsta var med på sjølve konfirmasjonsdagen.

Konfirmantundervisninga var eit samarbeid med Ørsta og Vartdal. Det var konfirmantleir i Ulsteinvik i vinterferien 2015.

Alle konfirmantane i Ørsta kommune hadde ”avsparket” av konfirmantåret på Sæbø i september. Konfirmantane gjekk ei orienteringsløype gjennom Jesus liv. Det heile vart avslutta med samling i kyrkja med orientering. Soknepresten og konfirmantane laga til lysmesse 6. desember, med julegrantenning etterpå, som tidligare år.

BARNEKOR

Kantor Marie Austrheim Riise er dirigent for Hjørundfjord barnekor. Vikar Margaret Standal Haugland tok over barnekoret, og har drive dette med øving anna kvar torsdag i 2015/2016. Soknerådet er svært glade for at Margaret ville ta over og drive koret i vikarperioden sin.

TRUSOPPLÆRING

Alle born skal få 315 timar trusopplæring frå dei er 0 til 18 år. Vi oppfyller ikkje timetalet no, men ved samarbeid med dei andre sokna i Ørsta ønsker vi på sikt å klare dette.

Men vi har innarbeida nokre arrangement og utdelingar som no er:

Dåp/dåpssamtale

Dåpslys og dåpsklut får born og foreldre med heim som minne på dåpsdagen. Ein fadder får ein pakke med tre gåver i. Desse gåvene skal dåpsbarnet få på dåpsdagen sin kvart år i tre år. Denne får alle dåpsfamiliar tildelt, anten dei bur i soknet eller ei. I 2015 vart 7 born døypte, dvs 78% oppslutnad om dåpen blant foreldre som sjølv er medlem i Den norske kyrkja.

4 år

Det vert arrangert undertur for 4-åringar på ein laurdag på våren. Søndagen etter får dei utdelt kyrkjebok. 5 born var med på dette, dvs 100% oppslutnad

1. klasse

På hausten ved skulestart får 6-åringane bok. 8 born var med på dette, dvs 100% oppslutnad

5. klasse og 6. klasse

I samband med overnatting i kyrkja, får 5. klassingar utdelt ei Bibel-bok. To årstrinn, 5. og 6. klasse (11 og 12-åringar) får tilbod om Lys Vaken-overnatting i kyrkja. Dette vart arrangert i pinsa 2015. Det var 15 born som var med på dette, dvs 56% oppslutnad. Den låge prosenten kan skyldast at nokre var bortreist i pinsa, og vi vil forsøke å legge dette til ei anna helg neste gong.

8. klasse- konfirmanttid

11 konfirmantar, 100% oppslutnad.

9. klasse- MILK- minileiarkurs

6 deltok på dette, dvs 55% av kullet. Felles for heile Ørsta. 1 undervisning i månaden, konfirmantleir-hjelpar og eigen weekend.

10. klasse- CREME - hjelpeleiar

4 deltok på dette, dvs 80% av kullet. Konfirmantleiar

SKULE OG BARNEHAGE

I samarbeid med Sæbø Barnehage er adventsvandring i desember og påskevandring i fastetida. Skulegudsteneste før jul, i samarbeid med Sæbø skule er også årleg tradisjon.

KATEKET

Kateketvikar Caroline Sefu har ønska å vere kateket også for Hjørundfjord sokn, sjølv om dette ikkje er formalisert i stillingen hennar. Ho har kontakt med barnehage og skule, og er med på samlingane med desse, samt nokre familiegudstenester og gudstenester med konfirmanter i løpet av året. Ho er og med på sjølve konfirmasjonsgudstenesta,

DIAKONI

Diakon har delteke på helgemessesøndagen, lys vaken, og nokre andre gudstenester.

Sokneprestane, diakon Knut Stave og frivillige held andaktane på alle sjukeheimar og eldresenter i kommunen kvar veke. Dette gjev ein turnus der bebuarane også får helse på dei andre tilsette. Andaktstida på Hjørundfjordheimen er torsdagar kl. 10.30. Dei som bur og arbeider på heimane, set pris på desse andaktsstundene. To gongar kvart semester er det nattverdsgudsteneste på Hjørundfjordheimen. Vi takkar Hjørundfjordheimen for godt samarbeid.

PRESTETENESTA.

Alle prestar er no tilsette som sokneprestar i Søre-Sunnmøre prosti, med særskilt ansvar for kvar sine sokn. Espen Aarseth er sokneprest i Søre-Sunnmøre prosti, med særskilt ansvar for Hjørundfjord og Storfjorden sokn.

Denne nye ordninga betyr at prosten kan bruke prestane over heile prostiet.

Ordninga er, at prostiet er delt inn i såkalla samarbeidsområde. Ørsta og Volda er eit slikt samarbeidsområde, og slik sett kunne alle prestane veksle på å ha gudsteneste i alle dei åtte kyrkjene i desse to kommunane.

Vi legg likevel vekt på at kyrkjelydane skal oppleve å ha "sin prest."

Når det gjeld gravferd og vigslar, så har dei tre prestane i Ørsta kommune kvar sine tenesteveker. Når ein har tenesteveke så tek ein alle gravferder og vigslar som kjem i den aktuelle veka, i alle fire kyrkjene i kommunen. Kvar prest har slik tenesteveke kvar tredje veke.

Vi er glade for å ha fått ny sokneprest på Vartdal, og ønsker Ruth Eva Sollie velkomen i kollegiet.

GUDSTENESTELIVET.

Biskopen har forordna 31 gudstenester årleg i Hjørundfjord sokn. Som hovudregel same dag som Vartdal og med same kantor. Dette gjer at vi vekslar mellom formiddag og ettermiddag/kveld når det gjeld tidspunkt.

Tidspunktene har veksla mellom 11.00 og 20.00, ein sjeldan gong andre klokkeslett.

Hjørundfjord har høgtidsgudsteneste kl. 11.00 kvar første juledag. På førstedagane i påske vekslar ein med Storfjorden om tidspunkt formiddag / kveld annakvart år.

To gudstenester er lagd til Hjørundfjordheimen. Det er tradisjon med friluftsgudsteneste i høve kulturvandring i ulike bygdelag i soknet, men dette vart ikkje noko av i 2015. Derimot vart det arrangert friluftsgudsteneste ved kaihuset på Urke i august, med godt oppmøte.

Av særlege storhende nemner vi Johnny Cash- messe med Sindre Løvik og Elvis-messe med Per Ove Flatnes. Dette var to annleis musikk-gudstenester som trakk mykje folk. I samband med 70-års markeringa av frigjeringa, tok soknerådet initiativ til ei frigjeringsgudsteneste der fredspreika til sokneprest Slotten vart lesen opp. Her var det og godt oppmøte. I forkant av gudstenesta vart det arrangert fredsmarsj frå Tvergrova til kyrkja, og Generasjonskorpset var med og spelte både i marsjen og på gudstenesta.

Generasjonskorpset har elles vore med på mange gudstenester og har bidrege med eit musikalsk løft i kyrkja.

Dei 11 konfirmantane tok aktivt del på gudstenestene våren 2015, medan dei 6 konfirmantane som tok til hausten 2015 vart oppsett på ei liste der det er 3 konfirmantar som er medhjelparar på kvar gudsteneste. Konfirmantforeldre tek med kyrkjekaffi, og vi har på denne måten kyrkjekaffi bakerst i kyrkja på kvar gudsteneste.

" VI SYNG OG SPELAR JULA INN"

I 2015 hadde Espen Aarseth og Margaret Haugland ansvaret for dette arrangementet. Espen Aarseth heldt andakten. Lokale musikk- og songkrefter tok del, til glede for dei frammøtte.

OPA KYRKJE

Kyrkja var open tysdag og fredag kveld (18.00-20.00) i sommar. Takk til dei frivillige som stilte opp som vakter, utan dei hadde det ikkje gått. Om det ikkje alltid var så mange som kom innom, var dette likevel eit tilbod, som soknerådet tek sikte på å føre vidare.

KYRKJA

Fellestrådet hadde sett av midlar til vedlikehald i 2015. Dette vart ikkje gjort på grunn av høgare kostnader enn forventa. Kyrkjevevje Arnstein Myklebust søkte kommunestyret om midlar og fekk 500.000,- til oppussing slik at arbeidet no kan starte i 2016.

AVSLUTNING

Kyrkja og soknerådet treng å få hjelp av alle medlemmene sine til arbeidet.

Det vert gjort ein stor frivillig innsats av mange.

Dette set soknerådet stor pris på, og takkar for.

Soknerådet vil også takke alle tilsette for det arbeidet dei gjer.

TAKK FOR INNSATSEN I 2015!